



Og Arkitekter AS
Kanalveien 11
5068 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/476 - 17/23904

Saksbehandlar:
Per Sveinar Morsund
Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:
25.08.2017

Førebels svar - trong for tilleggskokumentasjon - gbnr 188/800 Gjervik ytre

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad om rammeløyve for bygging av Knarvik barneskule.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Av arealrekneskapan ser det ut til at parkeringsareal på gbnr 188/800 ikkje er teken med i berekninga. Jamfør reguleringsføresegnene pkt. 3.1 skal all parkering inngå i grunnlaget for utrekning av BRA. Parkeringsareal som er lagt til andre gbnr enn 188/800 treng ikkje reknast med i % BRA. Det må sendast inn ny arealutrekning der det går fram at areal avsett til parkering innanfor gbnr 188/800 er teke med.
2. Pkt. 1.2 i reguleringsføresegnene har krav om minimum 10 % av parkeringsplassar reservert for rørslehemma. I pkt. 3.5.3 er det sett krav om minimum 2 slike parkeringsplassar. Etter situasjonsplanen er det totalt sett av 3 parkeringsplassar for rørslehemma. For å stette krava i reguleringsplanen må det difor settast av ytterlegare 1 parkeringsplass for rørslehemma i område P1 eller P3.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 15.09.17. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbagemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr



Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Per Sveinar Morsund
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Lindås Kommune
v/eigedomsavdelinga

Kvernhusmyrane 5914
20

ISDALSTØ

Mottakarar:

Og Arkitekter AS

Kanalveien 11 5068

BERGEN